



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 21.01.2019
Vår ref.: 2018/16763-4
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: 18/2426-11

Forslag til endringar i diverse lover ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen - Førebels høyringsuttale

Utval for miljø og samferdsel gjorde slik innstilling samrøystes 16. januar 2019:

- 1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.*
- 2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansesarbeidsplassar i Statens vegvesen i alle regionar.*
- 3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjettammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.*

Vi gjer merksam på at saka går vidare til fylkesutvalet, som gjer endeleg vedtak 31. januar.

Matti Torgersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.